



Fylkesmannen i Hordaland
Kaigaten 9
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/436 - 14/17928

Saksbehandlar:
Reidun Elin Johannessen
reidun.elin.johannessen@meland.kommune.no

Dato:
18.11.2014

Uttale om innhald i førebels tilsynsrapport

Viser til oversending av førebels tilsynsrapport ved Meland ungdomsskule dater 05.11.14. Kommunen har høve til å uttale seg om innhaldet i den førebelse tilsynsrapporten. Kommunen kan uttale seg om:

- Faktum Fylkesmannen har lagt til grunn
- Det rettslege grunnlaget
- Fylkesmannen si vurdering av faktum opp mot regelverk
- Fylkesmannen sin reaksjon

Kommunen kan dokumentera at nokre av dei varsla pålegga i den førebelse rapporten er retta opp.

Skulen sitt arbeid med opplæring i fag

Varsla pålegg 1a:

«Rektor sikrar at undervisningspersonalet tek vare på elevens rett til å kjenne til kva som blir vektlagt i vurdering av kompetanse, og kva som er grunnlaget for vurderinga».

Kommentar frå kommunen:

Vurderingskriterie for alle fag er no lagt ut på klassane si side (skulen si heimeside) saman med halvårsplanane/fagplanane. Akkurat som elevane ved kvart semester også får papirutgåve av fagplan/mål, får dei no også papirutgåve av vurderingskriterie i det respektive fag, samstundes som ein munnleg «går gjennom» halvårsplanane for kvart fag saman med elevane.

Vurderingskriteria er like for alle tre åra, men *måla* etter Kunnskapsløftet varierer for kvart skuleår /tema i fagplanane. Døme på vurderingskriterie i engelsk, skriftleg og munnleg ligg vedlagt.

Varsla pålegg 2a:

«Sikre at innhaldet i IOP samsvarer med einskildvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06».

Kommentar frå kommunen:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Rektor ved Meland ungdomsskule har sikra at den einskilde IOP for skuleåret 2014-2015 er gjennomgått, og har retta opp det som evt var «feil» i forhold til enkeltvedtaket. I ny IOP er det presisert at målet for opplæringa følgjer måla i Kunnskapsløftet / evt avvik frå den ordinære læreplanen. Døme på endra IOP frå Meland ungdomsskule ligg vedlagt.

I tillegg har Meland kommune starta opp eit prosjekt der ein skal innføre et eige program for arbeid med IOP. Programmet heiter Visma FLYT SamPro og er eit Nettbasert samarbeids- og koordineringsverktøy. (For meir informasjon sjå link: <http://www.visma.no/programvare/for-offentlig-sektor/Visma-Samhandling-SamPro/Overview/>)

I dei nye IOP-malane vil kommunen sikre at innhaldet i IOP samsvarer med einskildvedtaket når det gjeld innhaldet i opplæringa, medrekna når det er gjort avvik frå LK06. Vedtaket blir liggande øvst i IOP-malane slik at ein sikrar samsvar mellom vedtak og innhald i IOP.

Varsla pålegg 2b:

«IOP-ene skal ha eigne mål for opplæringa når eleven sin opplæring skal avvike frå ordinære læreplanar».

Kommentar frå kommunen:

Rektor ved Meland ungdomsskule har sikra at den einskilde IOP for skuleåret 2014-2015 er gjennomgått. I IOP er det presisert at målet for opplæringa følgjer måla i Kunnskapsløftet / evt avvik frå den ordinære læreplanen.

I dei nye IOP'ane (Visma FLYT SamPro) vil det bli presisert at målet for opplæringa følgjer måla i Kunnskapsløftet / evt avvik frå den ordinære læreplanen.

Arbeid med IOP'ane gjennom Visma FLYT SamPro vert starta opp gradvis på alle skulane, men med formelt oppstart haust 2015.

Undervegsvurdering som grunnlag for tilpassa opplæring og spesialundervisning

Varsla pålegg 3a:

«Skulen har implementert skriftleg rutine for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og at lærarane melder behov for spesialundervisning»

Kommentar frå kommunen:

Skulane i Meland har parallelt med Fylkesmannen sitt tilsyn arbeid med felles skriftleg rutinar for å vurdere om elevane har behov for spesialundervisning, og at lærarane melder behov for spesialundervisning. Resultat av dette arbeidet er klart og er lagt ut på kommunen sitt Kvalitetssikringssystem KF Kvalitet (link: <https://kvalitet.kommuneforlaget.no/kvalitet/id/1256>). Planen ligg også vedlagt.

Kommunen har også «Retningsliner for saksgang ved etablering av spesialundervisning». Retningsliner er henta ut av kommunen sin handbok for spesialundervisning og ligg vedlagt.

Med helsing

Reidun Elin Johannessen
skulefagleg rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Døme på IOP med informasjon om kompetansemål

Vurderingskriterier i fag - eksempel fra Meland ungdomsskule

Oppfølgingsplan til bruk ved mistanke om trang for særskild hjelp til elevar ved Meland ungdomsskule

B 1 1 Saksgang ved etablering av spesialundervisning

Kopi til:

Solbjørg Åmdal Sandvik

Mottakere:

Fylkesmannen i Hordaland
Fylkesmannen i Hordaland

Kaigaten 9
Kaigaten 9

5020
5020

BERGEN
BERGEN